



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 08.12.2017
Vår ref.: 201503239-11
Arkiv: 312 /084.Z
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Ingrid Haug

NVEs innstilling - Søknad om endret tekst i manøvreringsreglementet for Jølstervatn i Jølster kommune, Sogn og Fjordane fylke

NVE har mottatt en søknad fra Sunnfjord Energi AS om å få endret tekst i manøvreringsreglementet for Jølstervatn gitt ved kgl.res. av 30.05.1952.

Bakgrunnen for søknaden er at Sunnfjord Energi AS har planer om å bygge om eksisterende nåledam ved utløpet av Jølstervatn og erstatte denne med en mer moderne lukedam. Gjeldende manøvreringsreglement for Jølstervatn sikter spesifikt til regulering med bruk av nåler som teknisk innretning. Sunnfjord Energi AS søker derfor om å få endret ordlyden i manøvreringsreglementet.

NVE anbefaler at Sunnfjord Energi AS får tillatelse til å endre ordlyden i manøvreringsreglementet som omsøkt. NVE kan i medhold av eksisterende konsesjonsvilkår følge opp planlegging, bygging og drift av damanlegget.

Søknaden

NVE har mottatt følgende søknad fra Sunnfjord Energi AS datert 09.01.2017:

«Sunnfjord Energi ønskjer auke sikkerheit/HMS ved å bygge om nåledam til kappeluke dam i Jølstervatn, Jølster kommune, Sogn og Fjordane. Då noverande konsesjon siktar spesifikt til regulering med bruk av nåledam som teknisk innretning, søker Sunnfjord Energi med dette om, etter vassdragsreguleringsoven, jf. §12 nr. 12, å endre manøvreringsreglementet til reguleringskonsesjonen for Jølstravatnet, av 30. mai 1952, endra 1958. Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.»

«3.1 Om søkjaren

*Sunnfjord Energi AS
Firdavegen 5*

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

6800 Førde

Organisasjonsnummer: 916 501 420

3.2 Grunngeving for tiltaket

Bakgrunnen til ombygging av dammen er ei analyse av dagens arrangement med tanke på sikkerheit for personell / HMS og regulering under flaum. Arbeidet med å sette nåler og fjerne dei under flaum er forbunde med risiko. Nåledammen, når den er satt, er høgare enn HRV. Dette kan gi oppstuvning i Jølstervatn under flaum dersom dei ikkje trygt kan fjernast i ein flaumsituasjon. Topp nåler i dag er 208,45 moh, dvs. 1,10m over HRV.


Ved ombygging til Obermaier-dam kan ein dermed få meir sikker og enklare regulering av Jølstravatnet. Vi ynskjer å regulere på same måte som vi har gjort sidan 1952, dei einaste endringa blir den tekniske innretninga.

3.3 Geografisk plassering av tiltaket



Figur 1 Avmerking av dam på regionalt kart. (Kilde https://snl.no/Sogn_og_Fjordane)

Den eksisterande dammen ligg ved/under brua ved utløpet til Jølstervatn i Jølster kommune, Sogn og Fjordane. Næraste tettsted er Vassenden. Dette gjeld vassdrag nummer 084.Z.



Figur 2 Rektangel ved ende på Jølstravatnet viser kvar tiltaket er lokalisert

3.4 Skildring av området

Tiltaksområdet er plassert i utløpet av Jølstervatn, på Vassenden. Vatnet har vore regulert gjennom nåledam på same stad sidan 1952. Det er tett bebyggelse og Europa- og fylkesveg på begge sider. Parallelt med dammen går SVV si bru for Fv451.

3.5 Teknisk plan for det søkte alternativet

Sunnfjord Energi ynskjer å bygge om noverande nåledam i utløpet av Jølstervatn til ein Obermaier dam med lukeselement. Sunnfjord Energi AS har hatt reguleringskonsesjon i Jølstervatnet sidan 30.mai 1952. Dammen blir brukt til å regulere Jølstervatnet med 1,25m mellom 206,10 og 207,35 i tida mellom 1. oktober til 15.april. Nedstrøms dammen ligg to elvekraftanlegg eigd av Sunnfjord Energi og eit privat minikraftverk som har nytte av denne reguleringa. Dette er Stakaldefoss kraftverk (10 MW / 62 GWh, Brulandsfoss Kraftverk (12 MW / 56 GWh) og Jølstraholmen Minikraftverk (<500kW).

Dagens arrangement er ein nåledam bygd inntil ei bru som går over utløpet av Jølstervatn ved Vassenden i Jølster. Brua har 4 lys-opningar som alle kan stengast ved setting av nåler. Sunnfjord Energi har latt det sørligaste spennet vere opent då det her er ein fiskepassasje. Det er ikkje planlagt lukeselement i dette løpet.



Bilde 1 Gammal nåledam i tilknytting til bru over Jølstra. Bilde er tatt 17.12.2012. Sørlig løp heilt til venstre blir nytta til fiskevandring. Foto: Sunnfjord Energi.

3.6 Alternativ

Vi har vurdert ulike alternativ til plassering og lukekonstruksjonar.

Klappeluker vil bli høge og ha ein negativ landskapsmessig påverknad ift i dag. Klappeluker var også den mest kostbare løysinga. Vi konkluderte derfor med at ein ønskjer Obermaier luker med luftpute.



Bilde 2 Obermaier luker under installasjon i Sangfossen. Foto: Multiconsult.



Bilde 3 Luker i Sangfossen nedlagt. Foto: Multiconsult.

Sunnfjord Energi har også sett på alternative plasseringar. Drivarar for desse alternativa er moglegheiten for ei "frikopling" frå SVV si vegbru. Vi kom til at konsekvensane for landskapet vil vere negativt ift dagens situasjon og har derfor gått vekk frå desse planane. Vi anser også at ein slik planendring ville medført meir omfattande sakshandsaming.

Konklusjonen er derfor at vi vil erstatte dagens nåledam med Obermaier luker plassert i same plassering.

3.7 Valt løysing

Vi ynskjer ei ombygging av dammen på same plass som dagens konstruksjon. Nålene blir bytta ut med to lukeblad med 1,60m høgde og eit lukeblad med 1,35m høgde (+ skvalpekant) som blir plassert i dei tre lysopningane i brua. Dette tilsvare høgden frå dagens botnstokk opp til HRV.

Deler av lysopninga lengst sør vil stå open for fiskepassasje og slepp av vatn. Løysinga blir svært lite synlig. Sjå vedlagte teikningar.

3.8 Kostnadsoverslag

Tiltaket er kostnadsrekna til om lag 10 mill. kroner i 2014.

3.9 Manøvreringspraksis

Dei overordna prinsippa for reguleringa ligger fast og er ikkje søkt endra. I sommarhalvåret skal dammen vere open og i vinterhalvåret kan ein stenge den. Ved flaum skal den opnast uansett. Dette er analogt med gjeldande praksis.

I dag blir nålene tatt ut eller satt inn i trinn på to til tre gongar i døgnet, med total varigheit på minst 6 døgn, frå heilt stengt til heilt open dam (og omvendt). Den direkte køyringa av lukene vil kunne utførast jamt heile tida og ein vil derfor ikkje frå desse «trinna» i reguleringa. Vi meiner manøvreringa på dette området blir meir skånsam.

Ihht. gjeldande manøvreringsregelement skal vatnet disponerast slik at det er til det beste for det største utbygde fallet. Sunnfjord Energi eig i dag alle vesentlige kraftverk i hovudelva i Jølstravassdraget. Vatnet blir derfor nytta slik at det samla sett gir best samfunnsøkonomisk effekt.

Dersom Sunnfjord Energi får konsesjon og bygger ut Jølstra Kraftverk nedstraums vil naturlegvis dette kraftverket bli tatt med i vurderingane om disponering av vatnet og det kan gi endra manøvreringspraksis – innanfor same regelement.

3.10 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

- Auka personsikkerheit
- Redusert risiko for ukontrollert heving ved flaum
- Enklare regulering med automatisering og fjernstyring. Dette vil gi mjukare overgangar

Ulemper

Brua vil vere open for trafikk under mesteparten av bygginga. Når lukene må heisast inn vil trafikk bli dirigert rundt, via Jølstraholmen. Dette er ein kort periode, og ved utført sett stenging av E39 – slik at trafikk blir dirigert på sørsida av Jølstravatnet – vil ein være klar til å opne brua på kort varsel.

Uendra

- Reguleringshøgder og fiskepassasje vil være som før
- Elvesport aktivitetar føregår om sommaren når luker ligger nede/flate.

3.11 Arealbruk og eigedomsforhold

Sjå vedlagt arealbruksplan.

Eigedomsforhold

Sunnfjord Energi AS eig den eksisterande dammen. Det vil bli nødvendig med avtale med eigarar av naboeigedomar for anleggsveg i anleggsperioden.

3.12 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Kommuneplanar

Jølster kommune har i ny kommunedelplan regulert trasé for ny E39. Tiltaket er ikkje i konflikt med denne.

Andre Planar

Sunnfjord Energi har konsesjonssøkt utbygging av Jølstra nedstraums Jølstervatn. Ombygginga av dam Jølstervatn har ikkje nokon avhengigheit for dette prosjektet og er uansett ønskt gjennomført av omsyn til HMT og flom.

4 Forslag til endring i reguleringsregelement

I dagens reglement er det spesifikt vist til nåler i punkt 1.

«Vannstanden må ikkje overstige øvre reguleringsgrense utan at alle nåleløy er helt åpne»

Dette kan endres til «Vannstanden må ikkje overstige øvre reguleringsgrense utan at alle lukeløy (evt. løy) er helt opne.».

Vidare heiter det at,

«Nålene skal vere fjernet i tiden 15. april til 1.oktober hvert år».

Dette kan endrast til «Lukene skal vere opne (evt. ligge nede) i tiden 15 april til 1. oktober hvert år».

I punkt 2 i reglementet er det vist til «Manøvreringen av dammen skal foregå slik at vassføringsendringene i elva blir så jevne som mulig. Settingen av dammen skal foregå suksessivt i løpet av 6 dager»

Med den nye dammen kan vi fortsatt sette dei ulike segmenta suksessivt i løpet av 6 dagar. Kvar av dei fire felta kan regulerast individuelt, samtidig kan ein regulere kvart felt trinnlaust mellom full opning og lukka stilling. Dette medfører at ein kan gradvis stenge eitt og eitt felt gjennom 6 dagar på ein svært jamn måte, jamnare enn i dag da det blir tatt i nivå.

Punkt 4 i manøvreringsregelementet omhandlar damvoktar. Vi meiner dette punktet er utdatert og at organisering for drift og beredskap er ivaretatt i driftsorganisasjonen.

Punkt 3 i manøvreringsregelementet omhandlar registrering og dokumentering av regulering m.m. Her står at protokoll kvar månad skal sendast NVE ved hovudstyret. Vi foreslår å stryke dette.

Punkt 5 i reglementet treng ikkje endring, men blir nytt punkt 4.

Når ein skal endre regelementet ønskjer vi at ein også byttar ut namnet Førde kommunale Elektrisitetsverk med Sunnfjord Energi.»

Høring

Søknaden er kunngjort i lokale aviser og lagt ut til offentlig ettersyn i Jølster kommune. Søknaden er sendt på høring til lokale myndigheter, interesseorganisasjoner og berørte parter den 16.01.2017 med høringsfrist 20.04.2017.

NVE har mottatt følgende fire uttalelser i saken:

Jølster kommune uttaler i brev av 14.02.2017

« Jølster kommune skal vurdere om tiltaket kan råke allmenne interesser, samt naturverdiar i området. Reguleringshøgder, reguleringsstidspunkt og fiskepassasje skal ikkje endrast, så det er ikkje venta at påverknad for storaurestamma, sportsfiske og elvesport vil verte endra. Landskapsmessig vil lukene gje eitt anna visuelt inntrykk enn nålene, men sidan dei blir plassert under brua slik som nålene, vil løysinga vera relativt lite synleg.

Jølster kommune kan av ovannemnde grunnar tilrå at teksten i manøvreringsreglementet vert endra på dei punkta det er søkt om.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 24.01.2017

«Fylkesmannen skal vurdere om tiltak i og ved vassdrag kan råke kjende allmenne interesser, og vi skal også vurdere planane etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Jølstravassdraget har stor verdi for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Utløpsosen og elva nedstrøms har særleg verdi for den nasjonalt viktige storaurestamma i Jølstravatnet, elvesport, sportsfiske, og som landskapselement.

Reguleringshøgder og fiskepassasjen skal ikkje endrast, så det er ikkje venta at storaurestamma eller sportsfisket vil verte negativt påverka. Enklare manøvrering skal, ifølgje regulanten, gi mjukare overgangar, og dette vil vere ein føremon for fisk og annan vassfauna. Elvesportsaktivitetar føregår om sommaren når lukene ligg nede, og vil dermed heller ikkje verte påverka.

Sunnfjord Energi har vurdert dam med klappeluker og alternative plasseringar, men forkasta desse løysingane på grunn av negative konsekvensar for landskapet. Den valde løysinga med Obermaier-dam og luker plassert same stad som dagens nåledam, ser ut til å verte lite synleg i landskapet.

Fylkesmannen vurderer, på bakgrunn av det som er sagt ovanfor, at planlagd ny dam ved utløpet av Jølstravatnet ikkje vil få vesentlege konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Vi kan dermed tilrå at teksten i manøvreringsreglementet vert endra på dette punktet slik det er søkt om.

Vidare har regulanten foreslege at kravet i punkt tre i reglementet om at protokoll skal sendast til NVE kvar månad, kan strykast. Vi har ikkje innvendingar til dette, og vi tilrår at teksten i staden vert modernisert i tråd med registrerings- og kontrollvilkåra for nyare vasskraftutbyggingar.

Vi minner om reglane i ureiningslova om å avgrense faren for ureining under anleggsarbeidet.»

Statens vegvesen uttaler følgende i brev av 21.04.2017

«Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjeld Rammepanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå veglova til Statens vegvesen.

Søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no - skjemaer - søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

Avkøyrslar

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no - fag - håndbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no - veglister/dispensasjoner - søknad om dispensasjon for spesialtransport.»

Norsk Fiskesenter AS uttaler følgende i e-post av 29.03.2017

«Vi forutsetter at fiskerisakkyndige kan gå faglig god for at fiskepassasjen mellom Jølstravatnet og Jølstra blir minst like god som før, til uten hinder for storørreten som går ned om høsten for å gyte i elva og som senere vender tilbake til Jølstravatnet etter gyting, og at ørret på næringsvandring fra Jølstravatnet til Jølstra fra 15.mai til 1.oktober har fri passasje.

Så viktig som Jølstra er for storørreten og resten av fiskebestandene i Jølstravatnet, forutsetter vi også at fiskevandringen mellom Jølstravatnet og Jølstra blir overvåket og reglementet om nødvendig endret dersom det ikke fungerer etter de fiskerisakkyndiges krav.»

Sunnfjord Energi AS sine kommentarer til høringsuttalelsene

NVE har mottatt følgende kommentarer fra Sunnfjord Energi i brev datert 26.07.2017

«I samband med at NVE har hatt søknaden om endra ordlyd i manøvreringsreglementet for dammen på Jølstravatn ute på høyring har det kome inn uttaler frå Jølster kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens Vegvesen og Norsk fiskesenter. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere innspela frå dei ulike høyringspartane.

Jølster kommune:

Uttaler at ny dam vil gje eit anna visuelt inntrykk enn dagens dam, men påpeiker at løysinga vil vere relativt lite synleg sidan dei står under brua. Tilrår endring av tekst i manøvreringsreglement i tråd med søknad.

Tiltakshavar har ingen kommentar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Fylkesmannen påpeikar at mjukare overgangar enn dagens dam vil vere ein føremon for fisk og annan vassfauna. Vurderer at ny dam ikkje vil få vesentlege konsekvensar for naturmiljø, landskap og filuftsliv. Tilrår at teksten i manøvreringsreglementet vert endra i tråd med søknad

Tiltakshavar har ingen kommentar.

Statens vegvesen

Generell uttale om byggegrenser og avkøyrslar.

Tiltakshavar har ingen kommentar.

Norsk Fiskesenter AS:

Føreset at fiskerisakkunnige kan gå faglig god for at fiskepassasjen mellom Jølstravatnet og Jølstra blir minst like god som før. Føreset også at fiskevandringen mellom Jølstravatnet og Jølstra blir overvaka og reglementet om nødvendig endra dersom det ikkje fungerer etter dei fiskerisakkyndige sine krav.

Tiltakshavar sin kommentar:

Som det står skrive i teksten, så skal ikkje det sørlegaste løpet gjerast noko med, her er det i dag og vil framleis vere passasje for fisk, så tilhøvet til opp- og nedvandring av fisk vil vere heilt uendra med ny dam i forhold til nåledammen. Som det går fram i teksten så vil ny dam gje ei meir jamn regulering og mjukare overgangar. Dette vil, som også fylkesmannen påpeikar, vere ein føremon for fisk og annan vassfauna.

Vi ser difor ikkje at det er grunn til å ta kontakt med fiskerisakkyndige utover fylkesmannen sine uttaler, då tilhøva for opp- og nedvandring av fisk er uendra, og ny dam heller vil gje ein positiv effekt for fisk enn ein negativ effekt.»

NVEs vurderinger

Sakens bakgrunn

Sunnfjord Energi AS har planer om å bygge om eksisterende nåledam ved utløpet av Jølstervatn og erstatte denne med en mer moderne lukedam. Formålet med ombygging av dammen er å gi en sikrere og enklere regulering av Jølstervatn, da arbeidet med å sette/fjerne nåler under flom er risikofylt.

Dagens dam er bygd inntil brua som går over utløpet av Jølstervatn. Brua har fire lysåpninger som kan stenges ved å sette nåler. Den sørligste åpningen står i dag åpen og fungerer som fiskepassasje. Planene går ut på å sette inn lukeselement i tre av fire lysåpninger under brua, mens den fjerde skal stå åpen for å opprettholde dagens fiskepassasje.

Tillatelse til regulering av Jølstervatn er gitt ved kgl.res. av 30.05.1952 og vannet er i dag regulert med 1,25 m. Reguleringen gjelder kun om vinteren, og mellom 15. april og 1. oktober står dammen åpen og vannføringen i elva følger det naturlige tilsiget. Nåværende regulering forutsettes opprettholdt uendret.

Selve ombygging av dammen vil bli behandlet i medhold av gjeldende konsesjon. Detaljerte planer for sikkerhet, og planer for miljø og landskap, ligger til behandling hos NVEs miljøtilsyn og skal godkjennes av NVE før anleggsstart.

Denne søknaden gjelder endring av tekst i gjeldende manøvreringsreglement for Jølstervatn som sikter spesifikt til regulering med bruk av nåler som teknisk innretning. Ved ombygging av dammen vil bruk av gjeldende reglement vise til en damkonstruksjon og reguleringsanordning som er borte. Sunnfjord Energi AS søker derfor om å få endret ordlyden i manøvreringsreglementet. De poengterer at de overordnede prinsippene for reguleringen ligger fast, og er ikke søkt endret, slik at reguleringshøyder og fiskepassasje vil være som før.

Vassdragsreguleringsloven § 10 nr. 3, 2. ledd gir eieren av reguleringsanlegg mulighet til å søke om å få endret de vilkårene som er fastsatt i en konsesjon. Dette omfatter endringer i manøvreringsreglementet. Saken vil bli behandlet jf. vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 12.

Mulige skader og ulemper for allmenne interesser

Ingen av høringspartene går imot den omsøkte endringen i reglementet. Jølster kommune anbefaler at teksten i manøvreringsreglementet endres. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane legger vekt på at reguleringshøyder og fiskepassasje ikke skal endres, og at ny dam vil gi enklere manøvrering med mykere overganger som er en forutsetning for fisk og andre vannlevende organismer. Fylkesmannen vurderer at tiltaket ikke vil få vesentlige konsekvenser for naturmiljø, landskap og friluftsliv og anbefaler at teksten i manøvreringsreglementet endres og moderniseres. Norsk Fiskesenter AS forutsetter at fiskesakkyndige kan gå faglig god for at fiskepassasjen blir minst like god som før, at fiskevandringen mellom Jølstervatn og Jølstra blir overvåket og at reglementet blir endret dersom det ikke fungerer etter de fiskesakkyndige sine krav.

Sunnfjord Energi påpeker i sine kommentarer til høringsuttalelsene at fiskepassasjen i det sørlige løpet i dammen ikke skal gjøres noe med. Forholdene for opp- og nedvandring av fisk vil således bli uendret med ny dam sammenlignet med eksisterende nåledam. Sunnfjord Energi mener ny dam vil gi en mer jevn regulering med mykere overganger og heller mer positiv effekt for fisk enn negativ. De kan derfor ikke se behov for kontakt med fiskesakkyndige.

Slik NVE ser det er omsøkte endringer i reglementet en formalitet da henvisningen i reglementets tekst etter ombygging av dammen blir misvisende. Endringer som omsøkt vil ikke gi noen reelle virkninger i vassdraget, ei heller medføre noen skader eller ulemper for allmenne interesser.

Forholdet til gjeldende konsesjoner

Ved kgl.res. av 21.06.2017 ble det gitt konsesjon til å bygge Jølstra Kraftverk, et forholdsvis stort elvekraftverk med inntak ca. 4 km nedstrøms Jølstervatn. Kraftverket skal utnytte eksisterende reguleringer i Jølstervatn. Strekningen fra Jølsterdammen og ned til planlagt kraftverksinntak er viktig gyte og oppvekstområde for storørret, og strekningen er sårbar for endringer i vannføring. NVE viser til

at det både i konsesjonen for Jølstra kraftverk, og i gjeldende søknad om endring av manøvreringsreglement, er lagt til grunn at Jølstervatn og manøvreringen ikke skal bli vesentlig påvirket. Dersom en utbygging av et Jølstra kraftverk, sammen med en ny dam ved Jølstervatn, likevel skulle medføre vesentlige negative virkninger for allmenne interesser i vassdraget, kan tiltak pålegges igjennom eksisterende konsesjonsvilkår, eller gjennom en revisjon av konsesjonsvilkår for Jølstervatn. Reguleringskonsesjonen i Jølstra kan tas opp til revisjon i 2022 og Jølstervassdraget er i revisjonsrapporten 49/2013 prioritert som 1.1-vassdrag. NVE har pr. i dag ingen krav om revisjon i Jølstervassdraget.

Forholdet til vanndirektivet

Jølsterdammen ligger i vannområde Sunnfjord i vannregion Sogn og Fjordane. Dammen er skillet mellom vannforekomst Jølstervatn (084-1734-1-L) og vannforekomst «Jølstra» (084-312-R). Vannforekomstene er i vann-nett klassifisert som naturlige vannforekomster med hhv. god og moderat økologisk tilstand. I Klima- og miljødepartementets godkjenning av regional plan for vannforvaltning i vannregion Sogn og Fjordane for planperioden 2016– 2021 er ikke de aktuelle vannforekomstene godkjent med miljømål som er høyere enn dagens tilstand. Miljømålet er derfor dagens tilstand og måloppnåelsen er ikke avhengig av nye tiltak.

Etter NVEs vurdering vil ikke omsøkte endringer medføre endring av den økologiske tilstanden til elva, og følgelig er det ikke relevant med en vurdering etter vannforskriften § 12.

Forholdet til naturmangfoldloven

Kunnskapen om naturmangfoldet og effekter av eventuelle påvirkninger er basert på den informasjonen som er lagt frem i planene, høringsuttalelser samt NVEs egne erfaringer. Etter NVEs vurdering er det innhentet tilstrekkelig informasjon til å kunne fatte vedtak og for å vurdere tiltakets omfang og virkninger på det biologiske mangfoldet. Samlet sett mener NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utredet, jf. naturmangfoldloven § 8. Etter vårt syn vil tiltaket ikke være i konflikt med naturmangfoldloven §§ 4 og 5.

NVEs konklusjon

NVE mener at en endring av ordlyden i manøvreringsreglementet som omsøkt i utgangspunktet er en formalitet som ikke vil gi nye negative virkninger for allmenne interesser i vassdraget. NVE legger til grunn at Jølstervatn skal manøvreres på samme måte som tidligere, men da via luker, og ikke nåler som i dag. Dersom endringene likevel skulle medføre negative virkninger kan tiltak pålegges igjennom eksisterende konsesjonsvilkår, eller gjennom en revisjon av konsesjonsvilkår for Jølstervatn.

NVE anbefaler at Sunnfjord Energi AS får tillatelse til å endre ordlyden i manøvreringsreglementet som omsøkt, jf. vassdragsreguleringsloven § 10, nr. 3, 2. ledd. NVE kan i medhold av eksisterende konsesjonsvilkår følge opp planlegging, bygging og drift av damanlegget.

NVEs merknader til manøvreringsreglementet:

Gjeldende manøvreringsreglement foreslås oppdatert med ny standard tekst som brukes ved nye konsesjoner i dag.

Post 1:

I gjeldende manøvreringsreglement står det at høydene referer seg til «Vassdragsvesenets nivellement Lnr. 239 og tilsvarer henholdsvis 1,80 og 0,55 m på Vassdragsvesenets

vannmerke ved Vassenden (Opkt. kote 205,558)». De oppgitte kotehøydene tilsvarer Kartverkets høydesystem NN54. NVE har vært i kontakt med Sunnfjord Energi som opplyser at de vil gjøre nye innmålinger av bolten med konvertering mot kartverkets nye høydesystem NN2000. NVE anbefaler at NN2000 legges til grunn når disse tallene er klare.

Post 2:

Vi foreslår at restriksjoner på manøvreringen flyttes hit slik det er vanlig i moderne manøvreringsreglement.

I dagens reglement er det spesifikt vist til nåler i post 1. «Vannstanden må ikke overstige øvre reguleringsgrense uten at alle nåleløy er helt åpne». Sunnfjord Energi foreslår å endre dette til «Vannstanden må ikke overstige øvre reguleringsgrense uten at alle lukeløy (ev. løy) er helt åpne.». Videre står det at «Nålene skal være fjernet i tiden 15. april til 1.oktober hvert år». Sunnfjord Energi foreslår å endre dette til «Lukene skal være åpne (ev. ligge nede) i tiden 15. april til 1. oktober hvert år». NVE anbefaler disse endringer.

I post 2 i gjeldende reglement er det vist til «Manøvreringen av dammen skal foregå slik at vannføringsendringene i elva blir så jevne som mulig. Settingen av dammen skal foregå suksessivt i løpet av 6 dager». Sunnfjord Energi mener de fortsatt kan sette de ulike segmentene suksessivt i løpet av 6 dager. De viser til at hver av de fire løpene kan reguleres individuelt, samtidig som hvert felt kan reguleres trinnløst mellom full åpning og lukket stilling. Dette gjør at en gradvis kan stenge ett og ett løp gjennom 6 dager på en jevnere måte enn i dag da det blir tatt i nivå.

I gjeldende manøvreringsreglement post 2 står det at vannet skal disponeres slik at det er til det beste for det største utbygde fallet og for øvrig etter Førde kommunale Elektrisitetsverks behov. Sunnfjord Energi ønsker at navnet Førde kommunale Elektrisitetsverk byttes ut med Sunnfjord Energi. NVE mener denne teksten kan erstattes med standardteksten «Forøvrig kan tappingen skje etter kraftverkseiers behov» som brukes ved nye konsesjoner i dag. Vi mener den nye teksten er dekkende for dette punktet og anbefaler at det tas inn.

Post 3:

Teksten moderniseres og oppdateres med ny standard tekst som brukes ved nye konsesjoner i dag.

Post 4:

Denne post erstatter gjeldende post nr. 5.

Poster som utgår:

Post 4 i gjeldende manøvreringsreglementet omhandler damvokter. NVE er enige med Sunnfjord Energi om at denne posten er utdatert og kan utgå.

Videre saksbehandling

Saken oversendes med dette til Olje- og energidepartementet for videre behandling. Sakens dokumenter er tilgjengelig i elektronisk format på SeDok.



Med hilsen

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg:

Gjeldende manøvreringsreglement gitt ved kgl.res. av 30.05.1952
Forslag til nytt manøvreringsreglement

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Jølster kommune
Norsk Fiskesenter AS
Statens Vegvesen - region vest
SUNNFJORD ENERGI AS